

Månadsbrev for Tusenbein

Då var januar over og vi er godt i gang med det nye året. Siv startar for fullt igjen no og gledar seg over å vere tilbake. På grunn av situasjonen på resten av huset, vil Sissel vera på Sommarfugl-gruppa ei tid framover. Vi får med oss Kjellaug i staden for. Ho er godt kjend med borna etter å ha vore her ei stund allereie.

Denne veka kom studenten vår, Ingvild, tilbake. Ho skal vere her i 3 veker. Ingvild har ein del oppgåver, bla. i forming, drama og musikk, som ho skal gjennomføra, så dette kan bli kjekt.

Vi har også fått inn ein ny NAV-deltakar. Rannveig skal vere med oss tirsdag og fredag.

Frå januar og fram til påske er tema på huset bøker. Vi har valgt oss ut boka Jumbo av Torbjørn Egner. Denne har falt godt i smak hos store og små. I tillegg vil vi prøve å lage kvar vår Jumbo-elefant. Det kan bli spennande! Torbjørn Egner har mange flotte barnesanger, så kanskje vi kan klare å lære oss nokre nye sangar og.

Fagområdet for februar er natur, miljø og teknikk. Vi skal ut på tur, ha badedag og februar er også månaden for karneval og fastelavn. Det er alltid like spennande å sjå alle dei morosame kostyma barn og vaksne kjem utkledd i.

Det er ganske kaldt om dagane, så vi anbefaler ullstilongs, ulltrøye og ullsokkar på alle. Strikkavottar er også dei beste vottane, då dei ikkje er så tjukke og held varmen sjølv om dei vert våte.



Bursdag i februar:

Emil 3 år

Hilsen Siv, Camilla og Kjellaug